



KOPI

Hordaland fylkeskommune
v/Lise Ådlandsvik
Samferdselsavd.
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:
Vår: 14/1496 - 17/2452

Saksbehandlar:

Gjertrud Karevoll
gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no


Dato:

27.03.2017

Søknad om tilskot til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan for Dale - merk 2014/13696

Kommunesenteret Dale har behov for trafiktryggleiksplan. Kommunen har gjennomført innspelsrunde med innbyggjarane, og er i gang med «barnetråkk-registrering» ved Dale barne- og ungdomsskule. Planarbeidet vil vere i samarbeid mellom kommunen, Statens vegvesen, politiet, Skyss og lokale vel-foreningar. Planutvalet i Vaksdal er organisatorisk styringsgruppe.

Vaksdal kommune treng å knytte til seg fagleg kompetanse for å få gjennomført trafikksikkerheits-inspeksjonar, skissere løysingar og forme plankart og byggeplan.



Figur 1 Tettstaden Dale har fleire bustadområde med trafikale utfordringar

Fokusområde vil vere trygg skuleveg og nærmiljø, hjartesone for skulen, betre forhold for gåande og syklende. Dette vil også inkludere vurdering av av- og påstigning for skuleskyss, som i dag er lite tilfredsstillande for trafikktryggleik. Dette kan med føremon også vurderast med omsyn på *kollektivterminalen* på Dale, som har lav standard utan klimavern. Bussane må også snirkle seg gjennom sentrum for å kome til. Ei ombygging av skulen på Dale er under planlegging, og dette bør vere ein anledning til å løyse trygg av/påstiging for skuleelevar, og vurdere ny «bussterminal».



Figur 2 Venterommet til buss er berre tilgjengeleg i frisøren si opningstid

Planarbeidet har som ambisjon å tilrettelegge for ei heilheitleg vurdering av trafikktryggleiken, og gjennomføring av ulike tiltak i ein 5-års periode. Dei viktigaste og mest effektive tiltaka for trygg skuleveg vil kome først. Arealdelen av kommuneplanen er til rullering i 2017, og i den grad trafikktryggleiksplanen identifiserar tiltak som fordrar omgjerung av arealføremål vil dette verte ivaretatt.

Budsjett	Pris eks. mva	Finansiering	Pris eks mva
Innspel og barnetråkk	10.000,-	Kommunal	10.000,-
Ts-inspeksjonar, konsulent	15.000,-	Tilskot	15.000,-
Skisser av løysingar g/s, konsulent	30.000,-	Tilskot	30.000,-
Kollektivterminal, konsulent	25.000,-	Tilskot	25.000,-
Plankart/skiltplan/byggeplan, konsulent	30.000,-	Tilskot	30.000,-
Eigeninnsats, medverknad, møter, samarbeid, planendring PBL	90.000,-	Kommunal	90.000,-
SUM eks mva	200.000,-		200.000,-

Kommunen søker om kr 125.000,- inkl mva i 2017, som er 50 % av kostnadane.

Med helsing

Gjertrud Karevoll
Kommuneplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Samferdselsavd.

5020

BERGEN

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune

5020

BERGEN

KOPPI